

miljøpartiet dei grøne

VOSS

VALPROGRAM
VOSS HERAD
2019–2023



FOR MENNESKE

OG MILJØ

miljøpartiet
dei grøne



Miljøpartiet Dei Grøne sitt mål er eit medmenneskeleg samfunn i økologisk balanse. Økonomien skal underordnast sunne økologiske prinsipp og fremja fred og rettferd både lokalt og globalt. Livskraftige lokalsamfunn i hovudsak basert på lokale ressursar er ein føresetnad for å nå målet. Me vil utforma ein heilskapleg politikk for notid og framtid, basert på tre grunnleggjande solidaritetsprinsipp;

- solidaritet med andre menneske
- solidaritet med framtidige generasjonar
- solidaritet med dyr og natur

Utan sterkare klimatiltak enn me har sett til no, er det stor fare for temperaturen på jorda vil auka så mykje at farlege klimaendringar vil forsterka seg sjølv. Det kan gje ei katastrofal utvikling både globalt og i vårt eige herad.

Lokalpolitikken må bidra til å unngå dette.

Kjære veljar, støtt oss i arbeidet for ein slik politikk!

MDG VOSS I PERIODEN SOM HAR GÅTT

Miljøpartiet Dei Grøne tek sikte på å endra det politiske landskapet. Vår politikk set omsyn til miljø og medmenneske heilt øvst på agendaen. Sidan Stortingsvalet i 2013 har me klart å påverka både Stortinget, fylkesting og kommunar i Noreg i ein grønare retning.

MDG Voss har hatt to representantar i kommunestyret og ein i formannskapet dei siste fire åra. Me har vore i politisk mindretal, men har:

- Påverka debatten i ein grønare retning
- Fått kommunestyret med på å seia nei til vindturbinar i fjellområda våre
- Aktivt stått for partiet sine meiningar, og jamleg vore referert i lokalpressa
- Arbeidd ivrig for å få til ein klimaplan med meir ambisiøse mål enn den som vart vedteken
- Vore opptekne av å ta vare på landbruksjorda og jobba mot nye og store hyttefelt
- Fått dei raudgrøne (SV, SP og AP) med på å styrkja klimasatsinga i 2019-budsjettet
- Arbeidd for ein trivelegare Vangen for syklende og gåande og fått i gang "Peparkakebygda Vangen" som ledd i innspel til den nye sentrumsplanen



DEI VIKTIGASTE KAMPSAKENE VÅRE!

Miljøpartiet Dei Grøne vil skapa eit samfunn der me har gode liv utan at me øydelegg for andre. Me må ta eit oppgjær med den rådande politikken si rovdrift på både menneske og miljø. Me vil redde fjorden, gjera lufta rein og fjerna stress og press. Dette MDG Voss sine viktigaste saker i valkampen:



Me tar
klima
på alvor!



Voss
utan
boss

Ta vare på
dyr, plantar
og insekt
i vossa-
naturen



Bygdeliv
med by-
kvalitetar



Meir lokal
mat og
drikke



Enklare
kvardag for
gåande og
syklende



Granvin og
grendene
skal ikkje
gløymast

Berekraftig
samferdsel
og billegare
togreiser



KLIMA, NATUR- OG MILJØVERN

Den siste klimarapporten frå FN fortel klårare enn nokon gong at me må handla langt raskare med klimatiltak enn me gjer i dag. Elles vil det gå mot ei global oppvarming langt over det kjente 2-gradersmålet. Det kan bety 3-4, og kanskje opp mot 5 graders auke før år 2100, og ei utvikling heilt ute av kontroll. MDG Voss vil arbeida for at Voss herad tek sin del av ansvaret og går i spissen med klimatiltak.

Arealbruk og klimaendringar set sterkt press på dei få intakte naturområda me har att. På verdsbasis dør artar ut i skremmande tempo. Me må ta vare på viktige naturområde og sårbare bestandar av dyr, planter og insekt gjennom eit sterkt naturvern. Korleis me forvaltar naturresursane er viktig for våre etterkomarar.



MDG VOSS STÅR

OPP FOR KLIMA OG

NATURVERDIAR





miljøpartiet
dei grøne

Voss

BEVAR FRIMRÅDE

-EI GÅVE TIL

ALLE GENERASJONAR

MDG Voss vil:

- at heradet skal utarbeida årlege klimatiltaksplanar med eigne budsjett
- at kommunen prioriterer klima, natur og miljø gjennom ein eigen stilling for dette fagfeltet på stabssjefs nivå
- at heradet søker klimasamarbeid med fylkeskommunen og andre kommunar
- at heradet engasjerer alle tilsette i klimaarbeidet, t.d. gjennom miljøsertifisering
- auka utnyttinga av fornybar energi gjennom opprusting av eksisterande kraftverk, energisparing og straum/varmeproduksjon på kommunale bygg
- gå imot vindturbinar i vossafjella
- verna viktige friområde og rekreasjonsområde som Prestegardsmoen og Bømoen
- verna sårbar natur som vassdrag, myr- og skogområde
- bruka naturmangfaldlova aktivt i all sakshandsaming
- sikra kompetansheving blant tilsette og politikarar i heradet om naturmangfald og økosystem
- kartleggja status for alle økosystem i Voss herad
- setja i verk tiltak som tek vare på særleg sårbare økosystem, til dømes insektbestandar og mikroorganismar i jord
- avvikla all bruk av giftige sprøytemiddel brukt for å halda kantvegetasjon nede
- at kommunen har ein plan for pollinerande insekt

Boss er ressursar på avvegar. I ein krets-
laupsøkonomi vert bossmengdene redusert
til eit minimum. Ved hjelp av gjenvin-
ning, reparasjonar og utforsking av nye
metodar for å skilja ut ressursar, kan me
redusera avfallsmengdene og skapa nye
verdiar. Me ynskjer oss eit Voss utan boss!

MDG Voss vil arbeida for:

- at heradet brukar eigarskapet i IHM til å utvikla metodar som gjer hushaldningar og verksemder i stand til å overvaka og kutta egne avfallsmengder
- å fremja tiltak som stoggar bruk av eingongsplast og motverker plastforsøpling
- å forby bruk av eingongsgrillar på kommunale friområde, og i staden etablere faste grillplassar til fri bruk
- å erstatte gummigranulat på alle kunstgrasbanar med miljøvenlege alternativ



VOSS UTAN BOSS



DYREVERN

Solidaritet med dyr er eit av dei viktige punkta i Dei Grøne sitt prinsippprogram. Både ville dyr og husdyr har rett på eit verdig liv. Me i MDG Voss vil arbeida for eit etisk forsvarleg husdyrhald.

Me vil sikra levedyktige bestandar av alle rovdyr og rovfuglar som høyrer heime i norsk natur, samstundes som me førebyggjer mot rovdyrangrep. Me vil ha ei berekraftig og heilskapleg forvaltning av rovdyra i den norske naturen, slik at t.d. gaupa som vart drepen på Voss i 2018 kunne fått leva.

MDG Voss vil arbeida for:

- at det blir stilt krav til dyrevelferd ved husdyrhald og fjørfehold i tråd med dyrevernermerket til dyrevernalliansen
- bruk av mobile slakteri eller gardsslakteri
- at alle husdyr skal ha tilgang på uteområde
- jobba for strengare handheving av bandtvang, av omsyn til vilt og beitedyr
- vidareføra arbeidet med å fjerna piggråd frå inn- og utmark



VERDIG LIV PÅ

NATUREN SINE

PREMISSAR



LANDBRUK OG MAT

Voss kommune har lange og stolte landbrukstradisjonar. Grøn politikk legg stor vekt på å forvalta dyrka område på ein klok og framtidssretta måte, og i større grad basera kosthaldet på kortreist og sunn mat. Ved sida av matproduksjon er landbruket viktig for å ta vare på kulturlandskapet, og det dannar grunnlag for anna lokal verksemd og trivsel i bygda.

Landbruket er ei av dei næringane som vil lida mest som følge av klimaendringane. MDG står for ei utvikling i retning av eit meir klimavenleg og berekraftig landbruk, mellom anna ved at meir av jorda blir brukt direkte til produksjon av mat for folk, med mindre produksjon og forbruk av kjøt, mindre bruk av importert kraftfôr og meir av norskprodusert fôr, og meir beiting i inn og utmark.

MDG Voss vil arbeida for å:

- ta vare på matjorda, m.a. hindra utbygging på dyrka mark
- fremja omsetjing og bruk av lokalt framstilte matvarer gjennom ein kommunal innkjøpsstrategi
- sikra lokale produsentar av mat og drikke gratis torgplass i heradet
- leggja til rette for auka lokal produksjon av økologisk mat og drikke
- utgreia og støtta løysingar som sikrar framleis meieridrift på Voss
- støtta produksjon av fôr, m.a. ved utnytting av matavfall som til dømes i vossafirmaet Invertapro.
- støtta ulike tiltak som gjer landbruket meir berekraftig, mellom anna ved å
 - a. vera ein pådrivar for etablering av biogassanlegg på Voss
 - b. fremja tiltak for auka lagring av karbon i jord
 - c. jobba for å auka kunnskapen om berekraftig landbruk
 - d. støtta prosjektet om regenerativt landbruk på Voss
 - e. leggja til rette for målretta beiting og nytting av utmarksressursar
- fremja berekraftig drift og skjøtsel av skog, og sikra mangfald i skogforvaltninga
- støtta opp under arbeidet med å sikra ein levedyktig villaksbestand i Vosso
- støtta opp under den nasjonale målsettinga om at minst 30 % av husdyrgjødsel skal verta behandla i eit biogassanlegg innan 2020
- styrkja forvaltninga av fiskebestandar i ferskvatna i heradet, for å stimulera til matauk i fjellet
- fremja tiltak som sikrar redusert matsvinn i kommunal verksemd, i privatbustader og i næringslivet

BYGG OG BU MED OMTANKE

FOR KLIMA OG MILJØ

TIL BESTE FOR FRAMTIDA



**miljøpartiet
dei grønne**

BUSETNAD OG BYGGING

MDG ynskjer at alle skal ha råd til ein trygg og mest mogeleg miljøvenleg bustad. Ved nybygging og oppgradering av bygg bør det leggast vekt på plassering som minkar behovet for biltransport, på energiøkonomisering og på bruk av fornybar energi. Me går i mot bygging på dyrka jord. Me ynskjer fortetting i eksisterande bygge- og hyttefelt framfor bygging i urørt natur.

MDG Voss vil arbeida for:

- å oppretthalda lokale samfunn med naudsynnte tenestetilbod som skule, barnehage, butikk, møteplassar og gode kollektive transportløyningar
- strenge miljøkrav i kommunale bygg. Bruka tre som byggjemateriale også i større bygg
- bruka solcelleanlegg, fjernvarme og andre fornybare energikjelder i kommunale bygg
- at kommunen gjev råd til husbyggjar om miljøvenlege byggemetodar, bruk av fornybare energikjelder og energiøkonomisering
- å verna matjord og utmark mot nye store hyttefelt og anna utbygging
- å etablera ein kommunal ordning med stønader til kjøp og legging av solcelletak
- å ta vare på eldre bygningar og bygningsmiljø gjennom rehabilitering framfor riving og nybygging. Krevja at det vert teke omsyn til lokal byggjeskikk
- større krav til terrengtilpassing og estetisk tilrettelegging av byggje- og hyttefelt
- mindre storleik på nye hytter
- at det vert ført ein meir restriktiv politikk i handsaminga av reguleringsplanar for hytter og fritidsbustader
- eit kommunalt prosjekt for bygging av bustader til ein gunstig pris for unge og nyetablerte familiar



BEREKRAFTIG SAMFERDSEL

Miljøpartiet Dei Grøne vil arbeida for at grunnleggjande infrastruktur som breiband, veg, jernbane, straum og post vert lagt til rette slik at me kan oppretthalda busetnad og samferdsel i heile kommunen.

Eit grønt samfunn krev eit berekraftig transportsystem. Dei Grøne vil konsekvent prioritera dei transportløyningane som belastar miljøet minst. Me vil satsa langt sterkare på ein meir effektiv kollektivtrafikk, og særskilt på jernbane. Elsyklar kan bidra til at fleire lar bilen stå i det daglege. Me vil difor auka rammene for tilskot til elsyklar og sikra bygging av fleire sykkelveggar.

MDG Voss vil arbeida for:

- å byggja ut eit godt sykkelvegnett, gode gangveggar, og etablera «smarte snarveggar»
- sikra naudsynt vedlikehald og brøyting av gang- og sykkelveggar
- å dobla dei økonomiske rammene til ordninga med tilskot til kjøp av elsykkel
- å verna om eksisterande haldeplassar for tog langs Vossabanen.
- å utgreia tiltak som gjer utsleppsfrie feriar enklare for dei tilreisande.
- å oppretthalda vegfondet for å halda dei kommunale vegane betre ved like, og for god brøyting
- støtta arbeidet til Forum Nye Bergensbanen
- å samarbeida med fylkespolitikarane våre for å gjera kollektivtrafikken så attraktiv som mogeleg, ved billigare billetter, hyppige avgangar og fleksible henteordningar
- at dei kollektive transportmidla i størst mogeleg grad vert drivne med lågutsleppsteknologi
- etablering av einvegskøyrd Vangsgate med gode sosiale uteplassar og sykkeltrasé
- å stimulera til etablering av bildelingsordningar
- å oppretta fleire ladestasjonar for elbilar
- å etablera ein drivstoffstasjon med ladepunkt, fylling av biogass og hydrogen langs E 16 og Rv 13 i heradet





DET SKAL VERA **LETTARE**

Å **VELJA MILJØVENLEG**

OG KOLLEKTIVT

miljøpartiet
dei grøne



**NÆRINGSPOLITIKK SOM BYGGJER BRU MELLOM
KULTUR, NATUR OG BEREKRAFTIG AKTIVITET**



**miljøpartiet
dei grøne**

NÆRINGS LIV

Eit næringsliv som opererer innanfor naturen sine tolegrensar er det einaste som kan tryggja arbeidsplassar, verdiskaping og velferd på lang sikt.

Regionen vår er rik på kulturlandskap og naturlandskap. Den korte avstanden mellom levande bygder og vill fjordnatur er noko av det som vert unikt med Voss herad. Voss er eit knutepunkt, med kort reisetid og miljøvenleg reisetilbod til landet sine største byar. Dette gjev gode føresetnader for eit berekraftig reiseliv bygd på eit samspel mellom autentiske naturopplevingar, lokalprodusert mat og lokal kultur.

MDG Voss vil arbeida for:

- å sikra at næringsavdelinga i Voss herad jobbar med grøn omstilling i det lokale næringslivet
- å sikra at Kraftfondet kvart år har nok midlar til å dela ut etableringsstønad for gründerar
- at det vert utgreidd ein næringslivsstrategi som tek sikte på å gjera Voss til den norske hovudstaden for klimavenlege og aktive natur- og kulturopplevingar
- å følgja opp prosjektet «Berekraftig reisemål» ved å sikra naudsynt finansiering og aktiv kommunal deltaking
- utforming av ein kommunal innkjøpsstrategi som m.a. går ut på å nytta lokale produsentar og stilla strenge miljø- og klimakrav ved innkjøp
- at Voss herad blir pilotkommune for ei ordning med lokal turistskatt, der pengane går til drift og vedlikehald av rasteplassar, stiar, skilting av stiar/vegar, naudsynte sikringstiltak, tilgang til toalett m.m.



BYGDELIV

MED BYKVALITETAR

KULTUR, SPORT OG FRITID

For både unge og eldre kan meningsfull fritid gje betre helse og større livsglede. MDG vil vera med på å leggja til rette for eit rikt tilbod av aktivitetar innan kultur, sport og friluftsliv. Me ynskjer å støtta den sterke dugnadsånda i Vossabygda, og å arbeida for å halda ved like kommunen sin sterke posisjon som kulturbygd, friluftslivs- og sportssenter. Tilbod innan breiddeidrett for alle aldrar bør også verta prioritert. Me ynskjer å leggja til rette for meir utbreidd bruk av Vangsvatnet til rekreasjon og friluftsliv.

MDG Voss vil arbeida for:

- å etablera ei kommunal ordning for utlån av tur- og fritidsutstyr
- å stilla eit lokale i sentrum til disposisjon for gratis formidling av kunst, informasjon om kulturprosjekt, ulike arrangement, og for frivillig kaféverksemd
- bygging av tenlege idrettsanlegg på areal som alt er brukt til idrett
- at alle bustadområde skal ha oppgraderte leikeplassar innan gangavstand
- å støtta lag og lokale arrangement som bidrar til å skapa trivsel og aktivitet i nærmiljøet
- å sikre bevaring av «hundremetersskogar» nær bustadområde, der fri leik i natur er mogeleg
- ei varig løysing som sikrar ålmenta tilgang til, og naudsynt vedlikehald av, Bømoløypa både sommar og vinter
- aktiv bruk av natur som arena for rekreasjon i ulike former, ved eit bevisst forhold mellom tilrettelegging og vern av det urørte





MÅLET ER HELSE,

TRIVSEL OG

LIVSKVALITET

miljøpartiet
dei grøne

A close-up photograph of three children smiling outdoors. The child in the center is a young boy with brown hair, wearing a light blue zip-up hoodie and sunglasses perched on his head. To his left is another child with curly brown hair, wearing a red and white striped shirt. To his right is a girl with long brown hair, wearing a blue top. The background is a bright, sunny outdoor setting with green foliage.

TRYGG OPPVEKST

GRØN FRAMTID

**miljøpartiet
dei grøne**

OPPVEKST, BARNEHAGAR OG SKULAR

Gjennom oppveksten skal barna våre bli trygge og sjølvstendige menneske med gode føresetnadar for å meistra utfordringane livet byr på.

MDG Voss vil arbeida for å:

- styrka det førebyggjande arbeidet med psykisk og fysisk helse for barn og unge, m.a. gjennom betre bemanning og kompetanseheving i skulehelsetenesta
- utgreia etablering av barnehage i den gamle skulebygningen på Bolstadøyri
- støtta heimane gjennom lågterskeltilbod til foreldre om rettleiing i barneoppdraging (PMTO), og å arrangera temakveldar i regi av helsestasjon og skulehelseteneste
- sjå til at barnehagar og skular fylgjer vedteken bemannings-, pedagog- og lærernorm
- stimulera til målretta arbeid med miljøspørsmål i skular og barnehagar, til dømes gjennom Grønt Flagge-ordninga
- arbeida for auka praktisk læring gjennom etablering av skulehage, bruk av Inn på Tunet og ulike former for arbeidspraksis
- ta vare på dei grendaskulane som er att, i heile Voss herad
- arbeida for tryggare skuleveggar, mellom anna fortau langs Ringheimsvegen
- auke talet av lærling- og praksisplassar både offentleg og privat
- sikra at barnehagar, skular og SFO kan søkja tilskot til etablering av kjøkkenhagar og dyrkeområde





LIVET HANDLAR MEST

OM KORLEIS ME MØTER

KVARANDRE

SOSIALE FORHOLD, HELSE OG OMSORG

For at flest mogleg skal få oppleva god helse, må samfunnsutviklinga styrast i riktig retning. Me må syta for nære, inkluderande samfunn med felles møteplassar, der kvar og ein kan vera sosiale og aktive på sitt nivå. Me må motarbeida grunnleggjande drivkrefter bak psykisk sjukdom, som einsemd og prestasjonsjag. Helsepolitikk må såleis sjåast i samanheng med fleire andre politiske felt. Rein natur og trygg mat er òg viktige ingrediensar for eit liv med god helse.

MDG Voss vil arbeida for:

- at folk i Granvin får behalda dei helsetilboda dei har hatt til no, inkludert ei vidareføring av noverande fastlegeordning
- å styrkja innsatsen innanfor psykisk helse- og rusarbeid ved å tilsetja kommunal psykolog for vaksne
- stimulering og auka støtte til frivillige og andre som gir verdfulle bidrag til omsorg og aktivitetstilbod for eldre og pleietrengjande
- auka livsgleda for bebuarar i kommunale institusjonar, gjennom at desse blir sertifisert som «Livsgledeheim»
- å tilsetja ein kommunal vaktmeister, som kan hjelpa eldre heimebuande med naudsynte oppgåver til ein fornuftig pris
- å sikra at alle barn og unge får delta på viktige sosiale arenaer, m.a. ved at barn i familiar som tek mot sosialhjelp får tildelt Aktivitetskort for betaling av kino, bading m.m., og får høve til friplass ved Kulturskulen
- at kommunen kan tilby fleire tilrettelagde arbeidsplassar for folk med nedsett arbeidsevne
- å styrkja førebyggjande arbeid for eldre og uføre gjennom kvardagsrehabilitering og tilrettelegging i heimen
- arbeida for tilstrekkeleg og forsvarleg bemanning på sjukeheimar, i barnehagar og på skular
- at Voss herad kan verta ein forsøkskommune med «Natur på Resept», slik at natur blir brukt som aktiv del av behandling og i førebyggjande arbeid



DEMOKRATI OG SAMFUNN

Kommunen sine tenester må vera lett tilgjengelege, og kommunikasjonen må vera open og tydeleg. MDG vil i det heile arbeida for demokratiske prosessar, og bidra til eit positivt og nært forhold mellom innbyggjarane og kommunen. Me ynskjer å styrkja demokratiet ved at folk får innsyn i politiske saker, gjennom opplyst offentleg debatt, opne debattforum og engasjement av ungdom i det politiske arbeidet. Me vil kjempe i *mot* den stadige tendensen til sentralisering og *for* å ta vare på levande lokalsamfunn.

MDG Voss går inn for:

- ei kommunal nettside som er informativ og brukarvenleg
- at planar som skal ut på høyring, må presenterast for ålmenta i god tid på førehand i kortfatta og lett forståeleg språk
- å verna kommunalt tilsette sin rett og høve til å uttala seg offentleg
- at politiske parti, lag og organisasjonar får bruka kommunale bygg gratis til møte
- at folk med ulike nedsette funksjonsevner skal ha same tilgang til samfunnsliv og demokratiske arenaer som andre.



miljøpartiet
dei grøne

EIT HERAD

NÆR DEG



VERDA ER VID, MEN VOSS ER VIDARE...

SJÅ MEDMENNESKE SOM RESSURSAR

FLYKTINGAR OG INTEGRERING

Me meiner at Voss kommune kan ta i mot fleire flyktingar. Dette krev betre integrering, der språkopplæring og tilgang til arbeidsplass går hand i hand. Det omfattar m.a. kartlegging av flyktingane sin kompetanse, målretta opplæring for bestemte oppgåver, fleire praksisplassar, og tiltak for å få kvinner ut i arbeid. Me meiner at det er viktig med kulturutveksling som går begge vegar. Gjensidig forståing og aksept av skilnadane er viktig.

MDG Voss vil arbeida for:

- å oppretthalda økonomisk støtte til organisasjonar og møteplassar som bidrar til inkludering og redusert framandfrykt, som t.d. Røde Kors.
- betre samarbeid og koordinering mellom ulike aktørar vedrørende praksisplassar
- at kommunen forpliktar seg til å tilby fleire praksisplassar
- spreidd busetting av innvandrarak, m.a. for å få god fordeling av etnisk norske og innvandrarakborn i dei ulike skuleklassar
- støtte arrangement der innvandrarak får høve til å visa fram kulturen sin, i form av mat, klesdraktar, musikk, dans, kunst m.m.

MDG Voss sine kandidatar

1. Sveinung Klyve (1960), spesialrådgjevar vassforvaltning.
2. Øystein Ormåsen (1980), dagleg leiar og guide.
3. Linda Bukve (1977), sjølvstendig næringsdrivande.
4. Tonje Opkvitne (1977), ingeniør.
5. Øyvind Birkeland (1979), miljørådgjevar.
6. Sigrid G. Bjordal (1982), lege.
7. Inge Draugsvoll (1963), privat næringsdrivande.
8. Synnøve Klette (1979), lege (spesialist i psykiatri).
9. Monica Bøe (1967), privat næringsdrivande.
10. Pål Erdal (1955), inspektør hjå Arbeidstilsynet.
11. Birte Toft Haugland (1978), lege.
12. Einar Bardal (1933), pensjonert professor.
13. Marit Tillung (1961), psykiatrisk sjukepleiar.
14. Siri Flatlandsmo (1990), journalist.
15. Terje Øvsthus (1954), lausarbeidar.



Sveinung Klyve, 58 år, Voss

Sveinung har arbeidd 24 år som miljøvernleiar i Vaksdal kommune med kartlegging og forvaltning av naturen og utvikla friluftaktivitetar for born og unge. Han har sidan 2016 jobba med vassforvaltning og miljøvern hjå Hordaland fylkeskommune.

Sveinung er ein ivrig naturfotograf og brukar naturen aktivt heile året med skiturar, fotturar, fiske osv. Er tilhengar av friluftsliv utan bruk av motor. Han har gjeve ut ei rekkje med naturbøker og 20 år med Vossakalendaren som viser den vakre vossanaturen.

Sveinung er med i tilsynet av Voss Utferdslag si hytte på Kaldavass. Han har sete i Voss kommunestyre og Voss formannskap sidan 2016.

Sveinung meiner at motivasjonen for MDG er at me treng eit grønt skifte når det gjeld bruk og forvaltning av naturressursane i Noreg og i verda. Han har tru på at mange vil sjå behovet for eit slikt skifte og vil vera ein av dei som påverkar og gjer noko og ikkje berre snakkar.



Øystein Ormåsen, 39 år, Voss

Øystein er oppvaksen i Langesund. Han flytta til Bergen for å studere i 1999. Han har ein bachelorgrad i IT frå Melbourne i Australia. Han har jobba i sju år som lærar i vidaregåande skule, og har undervist i IT, matematikk og økonomi.

Øystein har alltid vore glad i fjellturar. Medan han budde i Bergen nytta han helger og ferier til å vere turleiar, halde klatrekurs og brekurs eller å leie førings-turar i Jotunheimen. Han har hatt styreverv i BSI friluft og DNT fjellspport i fleire periodar. I 2014 flytta Øystein og familien til Voss. Øystein starta verksemda Wild Voss AS, der han er dagleg leiar. Verksemda tilbyr opplevingar i fri natur i fjella kring Voss heile året. Øystein og kona Birte har to gutar som er 6 og 8 år gamle.

Øystein har vore medlem i MDG sidan 2013 og vart lokallagsleiar i 2016. Han har møtt i kommunestyret sidan hausten 2017. Øystein vil jobbe for at det blir enklare for hushaldningar å ta val som gjev utsléppskutt og redusert forbruk. Han er òg opptatt av grøn næringsutvikling, og er ein pådrivar for berekraftsertifiseringa av Destinasjon Voss.



Linda Bukve, 41 år, Voss

Linda er født og oppvaksen i Øvre Årdal. Ho byrja i ung alder å interessere seg for mat, helse og miljø, og starta å jobbe innan helsekost på 90-talet. I 2003 flytta ho til Voss. Ho har studert ved Sogn Jord- og Hagebrukskule, og mat, kultur og reiseliv gjennom Høgskulen i Lillehammer. Ho har sidan 2011 drive ein økologisk butikk i Voss sentrum, som ho no eig og driv i lag med mannen sin. Her jobbar ho for at det skal vera enkelt for forbrukaren å velje etiske, miljøvenlege og lokale varer. For tida tek ho òg eit fagstudie i lokal matkultur på Hjeltnes.

Ho trives aller best ute i naturen, og det er hovudårsaka til at Linda valde å slå seg ned på Voss. Tenka globalt og handla lokalt gjev gjenklang, og ho er oppteken av at miljøvern skal vera enkelt å gjennomføra for kven som helst. I tillegg til biologisk og kulturelt mangfald, brenn ho for bevisst forbruk og levande lokalsamfunn med gode vilkår for gammal og ung.

Linda var i 2011 ein av initiativtakarane til MDG sitt lokallag på Voss, og var den fyrste leiaren i laget.



FOR MENNESKE OG MILJØ

Nettside: voss.mdg.no

facebook.com/mdgVoss
instagram.com/vossmdg

**miljøpartiet
dei grøne**

voss



Gjer eit godt val i 2019!